

# DEBATT

Kontakt oss: 70 12 00 00 [debatt@smp.no](mailto:debatt@smp.no)

All utgivelse skjer i henhold til Sunnmørspostens publiseringsvilkår. Vi forbeholder oss retten til å arkivere og utgi i elektronisk form alt som er publisert i Sunnmørsposten. Dette gjelder også innsendt materiale, og innsendt stoff honoreres bare når det er avtalt. Vi forbeholder oss retten til å korte ned. Ubrukte innlegg returneres bare på anmodning.

**KRONIKK/SYNSPUNKT:**

E-post: [debatt@smp.no](mailto:debatt@smp.no)

Maks 5.600 tegn inkl. mellomrom. Vi forbeholder oss retten til å korte ned. Legg ved portrettfoto.

## Boknasild

### SILD

Seier namnet deg noko? Truleg ikkje, dersom du er under femti år. Eller kanskje eksisterer det eitt og anna individ av homo sapiens som har eit aldrande foreldrepar eller ei bestemor som får blanke auger berre ved namnet. Ikkje for det, denne matretten høyrer til kategorien «stygg å sjå på, herleg å smake på». Vi som vaks opp på femtitalet, eller godt før dei åra også, hadde eit temmeleg vekslende tilhøve til alt som enda på «sild».

**Steikt storsild.** Vi følgde med i Sunnmørsposten og klippte ut oppgåvene over innmelde sildefangstar, og enno i dag ser vi dei lyse på svarte havet, namn som Bratt, Flømann, Gunnar Langva, Fisk og dei andre som med utheva trykk stod for fangstar over 3000 hl. Og reiv dei nøtene og kom innom Johanbuda for å skifte, var vi der som holsvultne gråmåsar og tredde sild på hesjestræng og kom heim att til kjøkkensjefen som velsigna og takka og fylte kjøkken og hus og snart heile grendelaget med liflig lukt av steikt storsild. Litt verre å ete silda som truleg har verdensrekord i tal på små, stikkande bein. Berre vi som var krimsjuke og tette i halsen hadde fordelar med beina, for dei reinska godt opp.

**Tørking.** Så flekte karane bøttevis av sild, så sluken i vaskekjellaren tetta seg fleire gongar av sildereist som nokon trudde vi kunne samle på, sende inn og få omgjort til glitrande smykke. No var hesjatrodene klar, og under raftene hang så silda i sol og sønnavind, nordvestkuling og sørvestslaps og tørka seg, til vi ikkje klarte å halde oss ærlege lenger, men klivra opp i farlege stigetrinn og raska med oss gods-

kene. Andleta våre skein av sildefeitt, og bræste vi silda på bål, var det litt av ein jobb å reinse hender og fjes for sildefeitt blanda med sot.

Dei som hadde reveskur og sølvrev, hengde mykje sild til revemat. Der var strengen stukke gjennom auga på silda som elles var full av innmat, rogn eller mjelke, næringsrik for pelsdyra. Men også for oss tobeinte som åt det vi fann, sjølv om det smakte noko syrleg.

**Svarte sildesporar.** Men just før havets sølv hadde vorte til turrsild, henta kokkelauged ned halvturka sild. No skulle vi smake delikatess nr 1: Boknasild. Novel, eg skal vedgå at hovudretten såg tvilsam ut. Men saman med gode poteter og litt kokt gulrot, med smør og flatbrød i tillegg, var dette godt. Men så var det korleis det såg ut. Ein boknasilselskar ville gjerne gle sin nygravide kone på skikkeleg middag. Han var heime, ho på arbeid. Ho var frå ein annan og meir austleg kant av landet, og hadde neppe sett ei boknasild før. Så då ho kom inn i gangen, registrerte ho ei ukjent lukt som gravide kvinner i første fase kanskje burde vere sparte for. Og då ho entra kjøkkenet og drog av loket på gryta, vinka svarte sildesporar til henne opp frå ei okergul overflate. Ho rakk stort sett berre å kommandere svineriet ut av huset.

I dag er det sikkert langt mellom boknasildmiddagane. Men vi gler oss stort til denne festmaten. Og med litt rabbestappe eller ertestuung i tillegg til poteter og smør og flatbrød, er det godt å sitje lenge ved bordet, drøyme seg litt attende til glade sildetider og vone at kattane har funne seg annan kvilestad enn sofaen.

ARNE OLA GRIMSTAD  
Hareid



SILD: Her heng silda til tørk for å bli til boknasild.

## Utanlandsadopsjon – er i

### KRONIKK

SANDRA VANESSA BORHAUG  
Ellingsøya

### ADOPSJON

**I debatten om utanlandsadopsjon, skal vi primært fortsette å snakke om ventande søkarar og deira motivasjon for å få barn på ein annan måte eller eiga barnløyse eller skal vi begynne å snakke om barna som skal adopterast vekk?**

Utanlandsadopsjon har vore noko «i vinden» i media den siste tida. Adopsjon inneber endring av juridiske foreldre for barn. Dette instituttet er inngripande i eit barn sitt liv.


Utanlandsadopsjon skil seg frå dei andre adopsjonsformene, stebarnsadopsjon og adopsjon av fosterbarn, ved at barnet ikkje kjenner sine nye foreldre før det treff dei i ei kort tid i opprinnelseslandet. Så er barna plutsleg i dei nye foreldra sin omsorg. Slik var og innlandsadopsjonane i Noreg i etterkrigstida og ein del år etter, men lovverket krev i dag ei tilknytning til barn og nye foreldre før adopsjon kan godkjennast. Dette opnar for ein del refleksjonar. Leiar av Adopsjonsforum- Sunnmøre beskriv i Sunnmørsposten fredag at det første møtet med barnet som ein fødsel. Eg ser for meg at det kan opplevast slik.

**Fattigdom.** Eg ser at prosessen for utanlandsadopsjon i nokre tilfelle tek for lang tid. Samstun-

– Utanlands adopterte barn er særleg sårbare

des er det ekstremt viktig at sakshandsamingsprosessen er grundig. Dersom ein ikkje lukkast med å gjere ei så riktig som mogleg utgreiing av omsorgsevne ut ifrå dei fastsette kriteria, kan dette gå direkte ut over barna si rettssikkerheit. Utanlandsadopterte barn er særleg sårbare.

Dei kjem frå ein anna kultur, har lært eit anna språk, dei har med seg ei sorg over å ha mista sine næraste omsorgspersonar og dei aller fleste har budd på barneheim. Dei aller fleste har og vakse opp i fattigdom. Barna har erfaringar som gjer at dei har lært å te seg på ein måte som kan vere høgst konstruktiv i sitt opprinnelsesland, men denne delen av återfarta til barna passara ofte ikkje i Noreg. Barna må lære å leve med nye foreldre i eit nytt land. Dette set høge krav til sakshandsaminga av adopsjonsaker ved at den må vere for-



svarleg. Desse vanskelege vurderingane tek tid. Adopsjon skal vere ein prosess der søkerane over tid skal vise refleksjon rundt det å bli foreldre på denne måten. Dette er viktig for at barna skal bli godt ivareteken. Samtidig skal det i ein utanlandsadopsjonssak bli teken omsyn til to ulike land sine sakshandsamingsreglar og sikre presis oversetting av alle dokument. Når det offentlege står ansvarleg for å plukke ut gode foreldre til særleg sårbare barn, slik det er i saker med utanlandsadopsjon, må terskelen for «gode nok» vere høg. Vurde-

## Inga skam å snu – legg planane

### SØNDAGSOPEN

Resolusjon om søndagsopne butikkar på fylkesårsmøtet til Partiet Dei Kristne Møre og Romsdal i Molde 28. februar.

Partiet Dei Kristne er eit klart ikkje-sosialistisk parti, og i utgangspunktet ynskjer vi stor fridom for det private næringslivet. Men i denne saka er det andre omsyn som veg tyngre.

Regjeringa har signalisert at dei ynskjer å verne om vår kristne kulturarv, og vi meiner at bodordet om at vi skal halde kviledagen heilag, er ein av berebjelkane i denne arven. Etter vårt syn er ikkje Guds bod gjeve oss som ei tvangstrøye, men som ei helsetrøye. Han som skapte oss, veit kva som er det beste for oss menneska. I eit moderne samfunn er det rett

nok slik at mange menneske må jobbe på søndagen for å halde hjula i gong. Men dei tilsette i varehandelen høyrer så definitivt ikkje med til denne gruppa. Dei fortener ein fast fridag i veka, slik som dei fleste av oss andre.

**Søndagsopne.** Forbrukarane og familiane treng eit pustehol i ein elles travel kvardag, der ein kan

– For gjevarlanda er det å adoptere vekk egne barn til andre land ekstremt sensitivt

SANDRA VANESSA BORHAUG

# Instituttet til for søkerane eller for barna?



**ADOPSJON:** Dei fleste adopsjonar er vellukka, men dessverre skjer og nye svik for utanlandsadopterte i Noreg, skriver artikkelforfatter. ILLUSTRASJON

ord si enorme fortvilning når ho får beskjed om at ho skal flytte på barneheim; «Eg har fått nok av å få ei ny mor.» Mala Wang – Naveen skriv i Aftenposten 12 mai 2013; «Mange mener eggdonasjon og surrogati fører oss inn i en fremtidig menneskehandel. Hva kan vi i så fall kalle det som har skjedd vesle Masho?» Eg tør stille det same spørsmålet kring instituttet utanlandsadopsjon.

Når dette er sagt, trur eg at dei aller fleste som blir godkjent som foreldre og som vel å stå i den lange adopsjonsprosessen, vil be om hjelp til å gje god omsorg til sitt barn dersom situasjonen med eit adoptert barn ikkje blir som ein hadde forventningar om. Mange barn får og mulegheit i eit land som Noreg som elles ikkje ville vore til stades i sitt opphavlege land.

**Behov.** Den nye adopsjonslova vil heldigvis medbringe ei viktig endring for desse sårbare barna; adopsjon skal berre skje til det beste for barnet. Dette er ei endring som er i tråd med barnelova og FNs barnekonvensjon og som tydeleg slår fast at føresetnaden for adopsjon er barna sine behov – adopsjon skal ikkje primært springe ut av vaksne sitt ønske å bli foreldre.

Sjølv om FN- konvensjonen går føre norsk rett ved motstrid, så kan det ha praktisk betydning at ordlyden no blir endra i ny adopsjonslov. Ikkje minst vil det ha betydning for adopterte sjølv. Men kven skal definere eit barn sine behov? Vurderingane må vere varsomme. Eg trur at barn som har tileigna seg erfaringar alltid vil ha det best ved å få vere i sitt land. Dette føreset då at

barnet får god omsorg. Uavhengig om ein adopsjonsprosess er god eller ikkje, kan ein adopsjon utløyse enorme spørsmål rundt eigen identitet og tilhørsle. Dette må ein ta med i vurderingane kring barnet sitt behov.

**Rettsikkerheit.** Det er ein seier at utanlandsadopterte barn skal nytte det same rettsvernet som andre barn i Noreg men eg meiner at ein i Noreg framleis har ein veg å gå for utanlandsadopterte barn si rettsikkerheit. Eg trekkjer ein parallell direkte til fosterheimplasserte barn – og spør om utanlandsadopterte barn bør få oppnemnt eigen tilsynsforar eller om ein bør stille krav til at dei skal ha tettare oppfølging på helsestasjonen? I alle tilfelle bør ein kanskje bli betre på alle nivå til å trekkje inn brukarstemmene. Kanskje kan ein spørje ungdommar/ unge vaksne adopterte om råd til å ta vare på denne gruppa best mogleg – som adopsjonsproffar a la dei etablerte barnevernsproffane. Buf. dir. skal i framtida ha ansvar for oppfølginga av adopterte barn og kanskje vel dei eit slikt tiltak? I så fall kunne ein få kartlagt suksessfaktorane bak solskinhistoriene og vurdere tiltak for å hindre at såre svik skjer på nytt. Dei fleste adopsjonar er vellukka, men dessverre skjer og nye svik for utanlandsadopterte i Noreg.

Eg sluttar meg til Marilyn Før-sund, leiar av Adoptertes foreining når ho seier at det trengst ein fordomsfri debatt om adopsjon i Noreg. Eg vil legge til at debatten bør styrast av kva som tener barnet sitt beste.

ringa «gode nok» gjeld ikkje berre for omsorgsevna her og no. Vurderinga blir tatt ut ifrå eit perspektiv på 15–20 år.

**Strammar inn.** For gjevarlanda er det å adoptere vekk egne barn til andre land ekstremt sensitivt. Trenden er at det i dag er færre land som adopterer ut barn og at dei gjevarlanda som står igjen strammar inn utanlandsadopsjon så langt som råd. Utanlandsadopsjon har difor felle kraftig dei siste åra.

Det er altså slik at utanlandsadopsjon er ei siste løysing for mange gjevarland – verda

står ikkje klar for å sende sine barn vekk.

**Omsorg.** Den danske dokumentaren «Adopsjonens pris» frå 2013 viser tydeleg mekanismer som kan inntre når vaksne ikkje meistarar å vere foreldre til eit utanlandsadoptert barn – barnet kan ende opp med å ikkje få den omsorga det har krav på. Programmet skapte stor debatt i Danmark og kritikarane var i harnisk over behandlinga vesle Masho frå Etiopia fekk frå adoptivforeldra. Programmet kasta og lys over debatten om ulovlege adopsjonar ved at foreldre i opprinnelsesland blir lurt til å

adoptere bort barna sine ved at dei ikkje gir eit tilstrekkeleg informert samtykke eller at samtykke manglar. Sistnemnde punkt understrekar igjen behovet for ei forsvarleg utgreiing av sakene.

Det å leve i omsorgssvikt er alltid skadeleg for barn. Ein kan då tenke seg kor øydeleggjande det vil vere å oppleve eit nytt svik i omsorga når ein kjem til eit nytt land med ein, for mange, tung bagasje der ein har opplevd omsorgssvikt og/eller fleire brester i tilknytningar til vaksne som ein har knytta seg til i dei første åra. Masho uttrykker med

## om søndagsopne butikkar på is

– Dei fortener ein fast fridag i veka, slik som dei fleste av oss andre

nytte tida til fellesskap og aktivitetar ein elles ikkje rekk dei andre vekedagane. Søndagen har sidan kristendommen sitt inntog i Norge vore ein slik dag der ein kviler ut og samlar krefter til ei ny arbeidsveke. Søndagsopne butikkar vil bidra til å bryte ned denne pausen frå kvardagsstresset, med dei følgjende det kan få for folkehelsa. Undersøkingar viser også at det

er fleirtal i folket mot søndagsopne butikkar.

**Arbeidskraft.** Lite tyder og på at den totale omsetjinga vil auke som følge av søndagsopne butikkar. Derimot vil utgiftene for butikkane auke, i og med utvida opningstider og at mange fleire dermed må jobbe, noko som kan gje høgare prisar. I og med at vi i Norge har 37,5 timars

arbeidsveke, må butikkane også tilsette fleire. Vi har i dag underskot på arbeidskraft, til dømes i helsesektoren, og vi treng ikkje større konkurranse om arbeidskrafta. Fagorganisasjonen Virke har også laga ein miljørekneskap i denne saka. Resultatet er ein tydeleg disfavour til søndagsopne butikkar.

Vi i Partiet Dei Kristne er begeistra for vår gode statsmi-

nister, Erna Solberg, og vi er takksame for at vi har fått ei borgarleg regjering. Og som ein ven av regjeringa, vil vi no sterkt oppmode dykk til å leggje planane om søndagsopne butikkar på is. Det er inga skam å snu!

**ØVVIND ÅRDAL**  
Partiet Dei Kristne  
Møre og Romsdal – fylkesleiar